

Då Putin fekk ein øyrefik

Kan ein gje Vladimir Putin ein øyrefik i ein russisk roman?

LITTERATUR

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no

På litteraturfestivalen i Alta i fjor uttalte den russiske forfatteren Mikhail Sjisjkin at «Russland er i ein unik situasjon. Regimet er totalitært, men forfatterne kan skriva nett kva dei vil.»

Spørsmålet er om Sjisjkin har rett. Er russiske forfattarar frie til å skriva det dei vil?

MAKTOVERGREP

Natalja Klutsjarjova (30) stod på programmet då dei russiske litteraturdagane vart arrangerte i Oslo denne våren, men av di ho var gravid, takka ho nei til å koma til Noreg. Den første romanen hennar, *Russland rundt på tredje klasse*, kom nyleg ut på norsk.

Boka handlar om historiestudenten Nikita som reiser kringom i det store landet med tog og lyttar til forteljingar frå landsmennene om korleis livet er i dagens Russland. I boka skildrar ho maktovergrep frå styresmakterne på ulike nivå.

Natalja Kljutsjarjova publiserte romanen i sin heilskap først i tidsskriftet *Novy Mir* i 2006, og han vart lagd ut på internettet. I denne versjonen får Putin ein øyrefik og tsjetsjenarane er snille, men då romanen kom mellom to permjar eit par år seinare, vart dette og meir til fjerna.

FJERNA MYKJE

Utanfor Russland har mange sett pris på romanen til Kljutsjarjova, og ho er omsett til ti språk. Den tidlegare lektoren og omsetjarveteranen Alf B. Glad har sett om boka til norsk, og han har hatt brevkontakt med Natalja Kljutsjarjova.

– Kvifor endra ho på delar av romanen?

– Ho svara at årsaka til at ho la inn ein happy ending, var at ho hadde fått eit litt meir positivt syn på livet. Ho hadde møtt menneske som likna på Nikita. Dei hadde greidd å finna sin eigen veg i ei verd som levde etter heilt andre lover enn dei sjølve. Ho har også fortalt at det var sjefredaktøren i forlaget som bad henne å kutta delar av romanen. Sidan ho var ung og ny i faget, ville ho ikkje setja seg mot endringsframlegget. Til meg har ho forklart at det ikkje var så viktig for henne å halda på det mest politiske frå tidsskriftversjonen.

– Kva strauk ho?

– Ho fjerna mellom anna ein person – ein veteran frå Tsjetsjenia-krigen. Hovudpersonen i romanen har fleire draumar, i den eine vert han teken til fange av tsjetsjenske terroristar, og det viser seg at dei slett ikkje er så fæle som ein skulle tru. I ein annan draum står ein av hovudpersonane for ei samansverjing og eit attentat på presidenten. I romanen er ikkje Putin nemnd, men omtalt som «presidenten». Han er liten, og det er klart kva president det er tale om. Ein tredje draum handlar om ein mann som er spesialist på data og går laus på datasystemet til FSB – etterfølgjaren til KGB.

PROTEST OG ØYREFIK

I romanen er det også ei skildring av eldre russarar som gjev seg ut på ein protestmarsj frå St. Petersburg til Moskva.

– Dei får støtte frå Nikita og fleire andre unge, og dei protesterer mellom anna mot at presidenten har fjerna ein del av rettene til dei eldre og svekt rettene til dei sjuke. Idet dei kjem til Moskva, dukkar presidenten opp for å stogga dei, og då går Nikita fram og gjev han ein øyrefik. I boka er Putin erstatta med ein oberstløytnant frå FSB. I tidsskriftet finst det også ei såkalla smedevise som rettar seg mot Putin, men også den er fjerna i boka. I revolusjonen i den siste delen av boka er mykje fjerna, fortel Glad.

Han skulle gjerne ha spurt både forfatteren og sjefredaktøren meir inngående kvifor dei har kutta så mykje av romanen, men det har han ikkje fått sjansen til.

– Men eg trur nok at redaktøren i forlaget kan ha vore redd for følgjene av å gje ut romanen slik han var, seier Glad – som viser til at det trass i alt finst

mange russiske romanar som inneheld kritikk.

STERK SJØLVSENSUR

Tidlegare måtte den russiske litteraturen passera ein sensurinstans, men slik er det ikkje lenger.

– Den institusjonaliserte sensuren vart avskaffa i 1990 under president Mikhail Gorbatsjov, men det finst framleis sensur i Russland. Det skjer i ulike former og på ulike nivå, og det er langt meir utbreidd i media enn i skjønnlitteraturen, fortel Ingunn Lunde, som er professor i russisk ved Universitetet i Bergen.

– Redaktørane og forlaga spelar ei viktig rolle i vurderinga av slike ting som Putin-referansen, og pålegga eller tilsrådingane deira kan verta avgjerande

– Sensuren i russiske medium er nok langt meir utbreidd enn i skjønnlitteraturen.

Ingunn Lunde, professor


også for sjølvensur blant forfatterane.

– Er det slik Sjisjkin hevdar at forfatterane kan skriva nett kva dei vil, sjølv om regimet er totalitært?

– Det er ein måte å sjå det på. Ein må hugsa at litteraturen i Russland i dag har ein heilt annan posisjon enn han hadde på 1800- og 1900-talet, då forfatterane ikkje berre var ordkunstnarar, men vart tillagde – og tok på seg – eit ansvar på andre område, som filosofi, idear, samfunns- og moralspørsmål. Jamført med den tidlegare stordoms-tida er skjønnlitteraturen i dag marginalisert. Ja, forfatterane kan stort sett skriva kva dei vil, men dei har ikkje nokon særleg påverknad.

– Finst det sensur av skjønnlitteratur i Russland?

– Det finst, men det er eit komplekst fenomen. Sjølvsensuren er nok godt etablert hjå majoriteten av dei som skriv eller talar offentleg i Russland. Når det gjeld nyhendemedier, eksisterer det nokre offisielle kørereglar. Det finst ei kort liste med namn



Først publiserte Natalja Kljutsjarjova romanen *Russland rundt på tredje klasse* i eit tidsskrift, og sidan kom

og emne som ikkje skal nemnast, som til dømes opposisjonsleiarar eller den andre Tsjetsjenia-krigen. Det finst også eit generelt pålegg om ein viss prosentdel «positive nyhende» om Russland med meir. Men langt viktigare er den gjensidige sensuren medarbeidarane imellom eller sensuren ved redaksjonssjefar og andre instansar innanfor media. Det er sjeldan direkte pålegg om det eine eller det andre, men indirekte signal om korleis nyhenda skal presenterast eller ikkje presenterast.

– Når det gjeld skjønnlitteraturen, er det rett nok ikkje politiske emne som er mest utsette for sensur, men moral og språk. Hjå somme er sjølvsensuren sterk. Nokre forfattarar, redaktørar og mange lesarar og kulturarbeidarar held framleis på dei høge idealane om den oppbyggjelege oppgåva til litteraturen i hevd og reagerer på bannskap, umoral med meir.

OFFENTLEG MORAL

Ingunn Lunde fortel at forfatteren Jevgenij Grisjkovets, som

gjesta Oslo nyleg, vart utsett for ei meir typisk form for sensur tidlegare i år, då eit av teaterstykkane hans vart teke av plakaten i Belgorod.

– Bakgrunnen var at eit teaterstykket av ein annen forfatter skapte reaksjonar ved at han skreiv om overgrep mot born. For å gjera det enkelt avgjorde teater- og kunstakademiet i byen, der Grisjkovets' stykke skulle spelast, at alle stykke av russiske samtidsforfattarar skulle takast av plakaten, same kva form og innhald dei hadde, med tilvising til ei nyleg vedteken lov om offentleg moral. Belgorod har lenge vore aktiv når det gjeld å vakta moralen, til dømes gjennom praktisk språkrøkt og bøtelegging av barning på offentlege stader. Det har gjeve millionar i kommune-kassen!

– Er sensur av skjønnlitteraturen eit tema i Russland?

– Somme forfattarar tek det opp, som til dømes Vladimir Sorokin og Mikhail Sjisjkin. Sorokin plar seia i intervju at «inntil vidare kan me skriva det me vil

Natalja Kljutsjarjova

- Fødd i Perm i 1981
- Bur i Abramtsevo ved Moskva.
- Debuterte i 2002.
- Har skriva både lyrikk og prosa.
- Gav ut *Russland rundt på tredje klasse* i 2008.
- Fekk same året Juri Kasakov-prisen.
- Redaktør for tidsskriftet Første september



han mellom to permar, men då var mykje endra. Foto: Cappelen Damm

i Russland». Utdrag frå romanen hans *En Opritsjniks dag*, som kan lesast som ein satire over Putin-Russland, vart rett nok publisert i den regjeringstrugne avisa *Izvestija*. Kanskje er det eit teikn på den marginaliserte stillinga som skjønnlitteraturen likevel har i Russland i dag

– når det gjeld påverknad på politikk og samfunnsliv. Same Sorokin har vorte meld med referanse til lova om spreiding av pornografi, og det har vore masedemonstrasjonar mot bøkene hans med tilvising til moralsk forfall, fortel professor Ingunn Lunde.



Kor mykje toler Vladimir Putin i ein russisk roman? Foto: Scanpix

DRØS OM KUNST

Folkemusikar Benedicte Maurseth spør kunstnarar om kva som er viktig med kunsten.



– Eg er skeptisk til det folk flest kallar vakkert

Ein ung folkemusikar snakkar med ein etablert samtidsmusikar om god og dårleg kunst, kvalitet og godt handverk.

Kva er kunst for deg, Maja Ratkje?

– Kunst er noko abstrakt, ei oppleving som ikkje kan reduserast til noko fengjande med få ord. Å oppleva kunst er å ta i bruk heile sanseapparatet. For at me skal oppleva noko som helst, må kunsten vera noko uvanleg, noko «kunstig». På sitt beste gjev kunsten oss ei aha-oppleving som gjer at me kan sjå verda i eit nytt ljøs og høyra med nye øyro. På den måten kan me læra noko nytt om oss sjølve og det me omgjev oss med.

– Kva er god karisma?

– Det har ingenting å gjera med å stå fremst på scenekanten og flørta med publikum, iallfall. Det krev det motsette, eit omsyn til publikum. God karisma kan like gjerne vera innoverretta energi, samanlikna med ein som står og hoppar opp og ned og peikar på seg sjølv og ropar: «Sjå på meg!»

– Når er kunst god, og når er han dårleg?

– God kunst er å tyda verda og formidla ei heilt ny oppleving av henne. Det krev gode ferdigheiter. Ein må kunna distansera seg frå dei kjenslene som styrer ein i augneblinken, og samstundes vera til stades og i eitt med det som skjer.

– Dårleg kunst, derimot, er ikkje kunst?

– Det meste som vert laga, er ikkje stor kunst, men kan vera interessant likevel. Alt treng ikkje å vera stor kunst heile tida heller, spør du meg, det er viktig at kunstnarar har det moro og tek sjansar.

KUNST OG HANDVERK

– Eg tykkjer ofte at noko er dårleg sjølv om mange tenkjer det motsette. Eg kan ikkje utstå sjølvhøgtidlege kunstnarar som brettar ut privatlivet i eit freistnad på å verka meir «ærlege». Det er jo oppskatta no i vår tid med røyndomsfjernsyn over det heile.

– Kva er kvalitet?

– Ordet knyter eg til det å levera uomtvisteleg godt arbeid. Og når ein god idé vert forvandla gjennom dei verkemidla ein tek i bruk, til noko endå betre – då er det godt arbeid. Kvalitet kan også vera å syna ambivalens eller å ikkje lata seg freista av det føreseielege. Verkeleg kvalitet druknar ofte i ytre motiv som salsappell og tidsånd.

– Kva skil kunstnaren frå handverkaren?

– Kunstnaren arbeider meir med idear enn det handverkaren gjer. Kunstnarar arbeider fritt utan tanke på bruksverdi. Mykje konseptkunst er å syna fram ideane slik dei er, og handverket vert til noko anna enn det å vera dyktig innanfor eit fag der du til dømes lyt øva masse. Ikkje alle store kunstnarar har godt handverk, men i musikk er det ikkje lett å sleppa unna utan godt handverk.

– Kva gjer ein melodi til ein god melodi?

– Ein god melodi følgjer pusten. Kroppen tek han til seg slik han syng, difor må han ikkje vera laga slik at han aldri trekker pusten.

DET STYGGVAKRE

– Korleis stiller du deg til tradisjon og det slitne ordet «nyskaping» som komponist i dag?

– Noko av det mest nyskapande i dag, og då tenkjer eg ikkje særskilt på musikk, er det som tek stilling til tradisjonen. Ei mykje bruka setning er:

«Tradisjon er å bryta med tradisjonen.» Det er ved å ta stilling til tradisjonen at ein kjem ut i nye far.

– Kva musikk er det som treffer deg, og kvifor?


– Noko musikk trur eg på. Ikkje fordi det absolutt skal vera «dønn ærleg», men fordi det treffer meg slik at eg kjenner meg att i noko. Det gjev meg ei stor lukke og ei kjensle av noko sambunde. Musikk må ha ei kraft over seg som berre må seiast, som kjem frå hjarta.

– Kva er vakkert?

– Eg er skeptisk til det folk flest kallar vakkert fordi eg får ikkje noko ut av det som er overflatisk og sjølvutleverande, som til dømes popmusikken. Det er for meg berre støy. Det vakre kjem fram gjennom friksjon. Støymusikken eg høyrer på, har ofte noko sentimentalt og melodisk ved seg oppi alt bråket. Eg likar det styggvake, det doble.

BENEDICTE MAURSETH

– Ein må kunna distansera seg frå dei kjenslene som styrer ein i augneblinken, samstundes vera til stades og i eitt med det som skjer.



– Det vakre kjem fram gjennom friksjon, seier Maja Ratkje. Foto: Maarit Kytöharju